

# 2021

KVARTALSRAPPORT 30.09.2021





**Gåvesjekk**

Til EMIL ASL AKSRUL  
Frå XWAVE 2021  
Kr. 3000,-

**Gåvesjekk**

Til OLE STEFFENSEN  
Frå XWAVE 2021  
Kr. 1.000,-

**SpareBank SØRE SUNNMØRE 1**

# INNHALD

HOVUDTAL .....	04
RAPPORT FRÅ STYRET .....	06
RESULTAT .....	11
BALANSE .....	12
KONTANTSTRAUMOPPSTILLING .....	13
ENDRING I EIGENKAPITAL .....	14
NOTAR	
1. REKNESKAPSPRINSIPP .....	15
2. SEGMENTINFORMASJON .....	16
3. UTLÅN TIL OG KRAV PÅ KUNDAR .....	17
4. TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR .....	18
5. KAPITALDEKNING .....	23
6. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL VERKELEG VERDI .....	25
7. VERDIPAPIRGJELD OG ANSVARLEG LÅN .....	28
8. INNSKOT FRÅ KUNDAR .....	29
9. LIKVIDITETSRISIKO .....	29
10. EIGARDELSKAPITAL OG EIGARSTRUKTUR .....	30
11. VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG SKJØNNMESSIGE VURDERINGAR .....	30
ERKLÆRING FRÅ STYRET OG ADMINISTRERANDE DIREKTØR .....	31

# HOVUDTAL

## RESULTAT

(beløp i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)	30.09.2021	3. kvartal 2021		30.09.2020	3. kvartal 2020	
	Tusen kroner	Tusen kroner	%	Tusen kroner	Tusen kroner	%
Renteinntekter	160.681	53.702		203.502	56.361	
Rentekostnader	53.586	17.282		89.134	18.298	
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>107.096</b>	<b>36.419</b>	<b>1,27 %</b>	<b>114.368</b>	<b>38.063</b>	<b>1,43 %</b>
<b>Netto renteinntekter inkl. provisjon frå KF</b>						
Provisjonsinntekter	69.235	23.426		58.265	22.038	
Provisjonskostnader	4.801	1.626		4.476	1.873	
Andre driftsinntekter	593	160		518	158	
<b>Netto provisjons- og andre inntekter</b>	<b>64.885</b>	<b>21.960</b>	<b>0,77 %</b>	<b>54.307</b>	<b>20.324</b>	<b>0,76 %</b>
<b>Netto provisjons- og andre inntekter ekskl. KF</b>						
Utbytte	13.887	2.205		9.558	329	
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder	31.078	15.007		35.185	8.866	
Netto verdiendring på finansielle eignelutar	15.317	11.882		5.979	3.123	
<b>Netto avkastning på finansielle investeringar</b>	<b>60.264</b>	<b>29.076</b>	<b>1,01 %</b>	<b>50.722</b>	<b>12.318</b>	<b>0,46 %</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>232.245</b>	<b>87.456</b>	<b>3,05 %</b>	<b>219.397</b>	<b>70.705</b>	<b>2,65 %</b>
Personalkostnader	50.528	18.313		47.675	15.687	
Administrasjonskostnader	28.268	10.431		28.135	9.006	
Avskrivningar varige driftsmidlar	4.384	1.461		5.038	1.638	
Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar	-	-		223	117	
Andre driftskostnader	13.666	4.098		12.580	3.126	
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>96.846</b>	<b>34.303</b>	<b>1,20 %</b>	<b>93.205</b>	<b>29.340</b>	<b>1,10 %</b>
<b>Resultat før tap</b>	<b>135.398</b>	<b>53.153</b>	<b>1,85 %</b>	<b>126.193</b>	<b>41.365</b>	<b>1,55 %</b>
Nedskrivning aksjar	632	-		-	-	
Tap på utlån, garantiar	4.248	-992		16.644	9.598	
<b>Resultat før skatt</b>	<b>130.518</b>	<b>54.145</b>	<b>1,89 %</b>	<b>109.549</b>	<b>31.767</b>	<b>1,19 %</b>
Skattekostnad	21.400	9.200		15.600	5.100	
<b>Resultat for perioden</b>	<b>109.118</b>	<b>44.945</b>	<b>1,57 %</b>	<b>93.949</b>	<b>26.667</b>	<b>1,00 %</b>

**HOVUDTAL**

(beløp i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)	3. kvartal 2021	3. kvartal 2020
<b>Lønsemd</b>		
Eigenkapitalavkastning etter skatt <sup>1)</sup>	12,9 %	8,0 %
Kostnadsprosenten <sup>2)</sup>	39,2 %	41,5 %
<b>Balansetal</b> (tal i heile millionar kroner)		
Brutto utlån til kundar	9.692	9.165
Brutto utlån til kundar inkl. KF <sup>3)</sup>	13.354	12.213
Innskot frå kundar	8.022	7.088
Innskotsdekning	82,8 %	77,3 %
Innskotsdekning inkl. KF <sup>3)</sup>	60,1 %	58,0 %
Utlånsvekst siste 12 mnd.	5,8 %	2,7 %
Utlånsvekst siste 12 mnd. inkl. KF <sup>3)</sup>	9,3 %	7,2 %
Innskotsvekst siste 12 mnd.	13,2 %	0,8 %
Forvaltningskapital	11.666	10.516
Forvaltningskapital inkl. KF <sup>3)</sup>	15.328	13.565
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) i kvartalet	11.372	10.605
<b>Tap og misleghald</b>		
Tapsprosent utlån <sup>4)</sup>	-0,04 %	0,42 %
Tapsprosent utlån inkl. KF <sup>3), 4)</sup>	-0,03 %	0,31 %
<b>Soliditet</b> (tal i heile millionar kroner) <b>forholdsmessig</b>		
Rein kjernekapitaldekning	17,1 %	17,6 %
Kjernekapitalsprosent	18,1 %	19,3 %
Kapitaldekning	20,4 %	22,0 %
Rein kjernekapital	1.211	1.119
Kjernekapital	1.278	1.230
Ansvarleg kapital	1.443	1.398
Risikovekta balanse	7.061	6.365
Uvekta kjernekapital (Leverage Ratio)	7,9 %	8,6 %
Likviditetsdekning (LCR) <sup>5)</sup>	187 %	112 %
<b>Bemanning</b>		
Tal på årsverk	63	65
<b>Eigenkapitalbevis</b> <sup>6)</sup> (tal i heile tusen kroner)		
Resultat per eigenkapitalbevis per kvartal (i heile kr)	4,61	1,88
Tal på utferda bevis	1.000	1.000
Bokført eigenkapital for eigenkapitalbevisegarane	125.031	120.531
Eigenkapitalbevisbrøk i %	10,26 %	10,55 %

- 1) Overskot i prosent av gjennomsnittleg eigenkapital (GFK).  
Hybridkapital er ikkje rekna med og renter på denne er fråtrekt i overskotet.
- 2) Sum driftskostnader i % av sum inntekter.
- 3) Kredittforetak (KF) som er nytta er SpareBank 1 Boligkreditt og Spare-Bank 1 Næringskreditt.
- 4) Nærare forklart i årsrekneskapen under utrekning av måltal.

- 5) Likvide aktiva dividert på netto likviditetsutgang i eit 30 dagers alvorleg stressscenario.
- 6) Tal er for morbank.
- 7) Netto renteinntekter i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK).

# RAPPORT FRÅ STYRET

(tall i parantes gjeld same periode i fjor om ikkje anna er nevnt)

SpareBank1 Søre Sunnmøre solgte alle aksjane i det tidlegare heileigde dotterselskapet Eiksundregionen Eigedom AS ved utgangen av 2. kvartal 2021. Rekneskapsføring etter konsern opphørde dermed per 30.6.2021 og resultatrekneskapsen syner no kun resultatet i morbanken. Historisk resultat og balanse for morbanken er omarbeida frå historisk kost til eigenkapitalmetoden med omsyn på investering i den felleskontrollerte verksemda Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar).

## 3. kvartal 2021

- Resultat før skatt: 54,1 mill.kr
- Resultat etter skatt: 44,9 mill.kr
- Netto renteinntekter: 36,4 mill.kr
- Netto provisjons- og andre inntekter: 21,9 mill.kr
- Netto inntekter frå finansielle investeringar: 29,1 mill.kr
- Driftskostnadar: 34,3 mill.kr
- Nedskrivning på utlån og andre finansielle forpliktingar: -1,0 mill.kr

## Resultat per 30.09.2021

- Resultat før skatt: 130,5 mill.kr
- Resultat etter skatt: 109,1 mill.kr
- Netto renteinntekter: 107,1 mill.kr
- Netto provisjons- og andre inntekter: 64,9 mill.kr
- Netto inntekter frå finansielle investeringar: 60,2 mill.kr
- Driftskostnadar: 96,8 mill.kr
- Nedskrivning på utlån og andre finansielle forpliktingar: 4,2 mill.kr
- Samla prosentvis utlansvekst siste 12 månadar (inkl. kredittføretak): 9,3 prosent
- Innskotsvekst i prosent siste 12 månadar: 13,2 prosent

Banken har 63 tilsette ved utgangen av 3. kvartal - til saman utgjør dette 63 årsverk.

## Resultat i tredje kvartal 2021

SpareBank 1 Søre Sunnmøre leverte eit resultat før skatt i kvartalet på 54,1 mill. kr mot 31,8 mill. kr i same periode i fjor.

Avkastninga på eigenkapitalen i 3. kvartal 2021 vart 12,9 prosent.

Netto renteinntekter er på 36,4 mill.kr i kvartalet, som er ein reduksjon på 1,6 mill.kr samanlikna med til-

svarande periode i 2020. Banken driv hovudsakeleg med utlån til bustadlånkundar og konkurransen i marknaden er skjerpa. Pengemarknadsrenta har auka monaleg gjennom kvartalet og har redusert utlansmarginen samanlikna med same periode i 2020.

Rentenetto i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 1,27 prosent mot 1,43 prosent i same kvartal i fjor.

Netto provisjonsinntekter og andre inntekter var 21,9 mill.kr i kvartalet mot 20,3 mill. kr i tilsvarende periode i 2020. Auken i provisjonsinntektene stammar frå provisjonar på lån overført til SpareBank1 Boligkreditt, og auke i inntekter frå forsikring, betalingsformidling, og sparing og plassering samanlikna med tilsvarende kvartal i 2020.

Inntekter frå finansielle investeringar aukar med 16,7 mill.kr frå same periode i 2020 til 29,1 mill.kr. Det er særleg sterkt resultat frå felleskontrollert verksemd og positiv verdiendring på finansielle eignelutar som bidreg til forbetringa.

Dei totale driftskostnadane er på 34,3 mill.kr og aukar med 5,0 mill.kr mot same periode i 2020. I 3. kvartal 2021 er det inngått to avtalar om sluttpakker og oppgjør for sal av Eiksundregionen Eigedom AS. Dette bidreg til høgare kostnadar enn normalt i kvartalet.

Banken har i tredje kvartal 2021 gjennomført nye vurderingar av utlansportefølja. Banken har så langt ikkje sett noko vesentleg endring i misleghald og tapssituasjonen med bakgrunn i Covid-19. Som følgje av den positive utviklinga har banken valgt å reversere gjenverande administrasjonsbuffer på 8 mill.kr i kvartalet med positiv resultatteffekt. Banken held dermed ingen avsetningar utover dei som følgjer av ECL-modellen og individuell tapsavsetningar. Resultatført tap i kvartalet er -1,0 mill.kr med positiv effekt. Resultatført tap i same periode i 2020 var 9,6 mill.kr.


## Resultat per 30.09.2021

### Perioda 1.1.2021-30.09.2021

Banken leverte i perioda fram til 30.09.2021 eit resultat før skatt på 130,5 mill.kr mot 109,5 mill.kr i same periode i fjor. Avkastning på eigenkapital etter skatt i perioden er på 10,5 prosent.

## Netto renteinntekter, provisjonsinntekter og andre inntekter

Utvikling i totale inntekter i mill.kr




Netto renteinntekter er på 107,1 mill. kr mot 114,4 mill. kr i tilsvarende periode i 2020. Nedgangen frå fjoråret kjem hovudsakleg som følgje av monalege rentekutt etter at Norges Bank satte styringsrenta til 0 for å motverke det negative økonomiske sjokket påført av Covid-19 pandemien. Dette medførte reduserte marginar. I tillegg har dei låge rentene ført til stor aktivitet i omsetnaden av private bustadar og stigande bustadprisar der konkurransen om utlånskundene er skjerpa.

Banken har heva utlån- og innskotsrenter med inntil 0,25 prosentpoeng etter Norges Bank si heving av styringsrenta i september. Rentehevinga vil få effekt i frå desember 2021.

Netto provisjonsinntekter og andre inntekter var 64,9 mill.kr i kvartalet mot 54,3 mill. kr i tilsvarende periode i 2020. Auke i overført volum til SpareBank1 Boligkreditt har auka provisjonsinntektene monaleg saman med inntektsauke frå forsikring, sparing og plassering og andre provisjonsinntekter.

Netto renteinntekter inklusive provisjon frå boligkreditt aukar 0,6 prosent til 134,4 mill.kr i perioda samanlikna med 133,6 mill.kr i same periode i 2020.

Netto renteinntekter inkl. provisjon frå kredittføretak i mill.kr



Banken ser også auke i provisjonsinntekter frå forsikring og sparing og plasseringsområdet som følgje av auka volum.

Netto avkastning på finansielle eignelutar er 60,3 mill. kr mot 50,7 mill. kr i tilsvarende periode i 2020. Utbytte på direkteinvesteringar er 13,9 mill.kr samanlikna med 9,6 mill.kr i same periode i 2020.


Resultat frå felleskontrollert verksemd er på 31,1 mill. kr samanlikna med 35,2 mill.kr i same periode i 2020. SpareBank1 Søre Sunnmøre har ein indirekte eigarandel i SpareBank1 Gruppen AS på 1,47 prosent. Resultat før skatt frå Fremtind, som eigast 65 prosent av SpareBank 1 Gruppen, var 2.408 mill.kr i perioden. Dette er ein auke på 1.408 mill.kr frå same periode i 2020.

I perioda er det også bokført ein gevinst på 10,6 mill.kr som følgje av sal av 0,3 % av eigarposten i Samspar til SpareBank1 Helgeland.

## Driftskostnader

Dei totale driftskostnadane er på 96,8 mill.kr og er 3,6 mill.kr høgare enn tilsvarende periode i 2020. Dette svarar til ei prosentvis auke på 3,9 prosent. Banken har i perioden hatt eingongskostnadar i samband med inngåtte avtalar om fem sluttavtalar og oppgjer i samband med sal av Eiksundregionen Eigedom AS. Justert for desse eingongskostnadane er dei totale driftskostnadane 93,2 mill.kr og er på nivå med tilsvarende periode i 2020. Banken jobbar kontinuerleg med å tilpasse seg konkurranse-biletet og tilpasse kostnads-biletet etter dette.

Driftskostnader i mill.kr



Kostnader i prosent av totale inntekter utgjør 41,7 prosent per 30.09.2021 mot 42,5 prosent for tilsvarende periode i fjor.

## Tap og misleghald

Resultatrekneskapa er belasta med 4,2 mill. kr i tap mot 16,6 mill. kr i tilsvarende periode i 2020. Annualisert tap utgjør 0,06 prosent av brutto utlån ved utgangen av 3. kvartal 2021.

Per 30.9.2021 utgjør balanseførte tapsavsetningar på utlån og garantiar før tilbakeføring av tapsavsetningar knytt til verkeleg verdi over utvida resultat 56,2 mill. kr tilsvarande 0,51 prosent av brutto utlån og garantiar.

Samla tapsavsetningar under trinn 3 er på 28,6 mill. kr og utgjør 0,26 prosent av brutto utlån og garantiar. Auken i perioden skuldast hovudsakleg eit større engasjement innan oljeservice.

Dei økonomiske utsiktene er i betring i takt med aukande vaksineringsgrad. Sjølv om prognoser syner forventningar om stigande styringsrenter nasjonalt og internasjonalt er det likevel knytt usikkerheit til korleis utviklinga av Covid-19 og langtidseffekter vil påverke makroøkonomiske hovudtal.

I samband med salet av det tidlegare heileigde dotterselskapet Eiksundregionen Eigedom AS bokførte banken eit tap på utlån på 4,7 mill. kr.

## Balanse

### Forvaltningskapital


Forvaltningskapitalen utgjør 11.665,9 mill. kr og har auka med 860,4 mill. kr sidan årsskiftet.

Forretningskapitalen inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt AS og Næringskreditt AS er på 15.327,8 mill. kr og har auka med 1.135,2 mill. kr sidan årsskiftet.

### Utlån

12-månaders veksten i brutto utlån inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt er på 9,3 prosent og totale utlån er på 13.353,7 mill. kr per 30.09.2021 (12.213,3 mill. kr).

*Brutto utlån til kunder i mill. kr og 12 mnd % - vekst inkl. kredittføretak*



Ved kvartalsskiftet var overført utlånsvolum til SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt høvesvis 3.506,4 mill. kr (2.888,8 mill. kr) og 155,5 mill. kr (159,9 mill. kr).

Som følger av auka overføringar til Boligkreditt er 12 – månaders veksten i brutto utlån på eigen balanse 5,8 prosent. Dette tilsvarer ein auke i utlån på 527,1 mill. kr (159,1 mill. kr).


Den totale veksten over 12 månaders perioda på utlån til privatmarknaden inkl. overføringar til Boligkreditt er på 10,2 prosent tilsvarande 1.040,7 mill. kr (672,9 mill. kr).

Bedriftsmarknad inkludert SpareBank 1 Næringskreditt har auka med 99,7 mill. kr (85,3 mill. kr) som tilsvarar ein auke på 4,9 prosent dei siste 12 månadane.

### Innskot

Innskot har auka med 935,2 mill. kr (52,7 mill. kr) siste 12 månader til 8.022,0 mill. kr per 30.9.2021 Dette tilsvarar ein vekst på 13,2 prosent (2,5 prosent).

*Innskot frå kundar i mill. kr og innskotsdekning eigen balanse og inkl. kredittføretak*



Innskot frå personkundar er auka med 352,4 mill. kr til 4.925,2 mill. kr, og dette tilsvarar 7,7 prosent siste 12 månader. Innskot frå næringslivskunder er auka med 582,9 mill. kr til 3.096,8 mill. kr siste 12 månader, noko som tilsvarar ein auke på 23,2 prosent.

### Likviditet

Banken prioriterer å ha god likviditet, og har ein diversifisert forfallsstruktur på ekstern funding.

Samla ekstern finansiering utgjør 1.920,0 mill. kr. Av dette har 410 mill. kr forfall om under 1 år, 785 mill. kr forfall mellom 1 og 3 år, og 725 mill. kr forfall over 3 år. Innskotsdekninga er 82,8 prosent (77,9 prosent) ved utgangen av kvartalet, og 60,1 prosent inklusive utlån overført til kredittføretak.

Obligasjonsporteføljen er stabil, og er tilpassa endra likviditetskrav. Bankens rapporterer ein LCR på 187 prosent ved utgangen av kvartalet (112 prosent).



### Kapitaldekning

Banken sin soliditet er god. Per 30.9.2021 er rein kjernekapital i morbanken på 16,7 prosent. Andel av delårsresultatet til morbanken er då ikkje medrekna. Medrekna forventta andel av delårsresultatet som er holdt tilbake utgjer rein kjernekapital 18,9 prosent.

Som følger av at banken har eigarandelar i samarbeidande grupper føretak banken forholdsmessig konsolidering. Rein kjernekapital forholdsmessig konsolidert er 17,1 prosent og 2,0 prosentpoeng over det regulatoriske kravet inklusive intern administrasjonsbuffer. Kjernekapital utgjer 18,1 prosent og kapitaldekninga 20,4 prosent.

Uvekta kjernekapitalandel (LR – leverage ratio) utgjer 8,6 prosent i morbanken, og 7,9 prosent forholdsmessig konsolidert.

Motsyklisk buffer blei av Finansdepartementet etter råd frå Norges Bank redusert frå 2,5 prosent til 1 prosent den 13. mars 2020. Det regulatoriske kravet på rein kjernekapital er etter dette 14,1 prosent. Det interne kravet på rein kjernekapitaldekning er 15,1 prosent.

Norges Bank vedtok i juni 2021 å auke motsyklisk kapitalbuffer til 1,5 prosent med virkning frå 30. juni 2022.

### Utsiktene framover

Samla sett er det positive utsikter i marknadsområdet til banken. Arbeidsløysa er betydeleg lågare enn same periode i 2020 og under landssnittet. Bustadprisane syner fortsatt ein moderat prisvekst og omsetningstida er på veg ned. Næringslivet har positive utsikter og ventar oppgang i produksjon, investeringar og sysselsetting.

Andelen heilt ledige i Møre og Romsdal er redusert frå 2,4 prosent i slutten av juni 2021 til 2,0 prosent ved utgangen av september 2021. Tala frå NAV syner også at andel heilt ledige i den ytre regionen med Ulstein, Hareid og Herøy er redusert frå om lag 4,0 prosent i juni 2021 til om lag 3,2 prosent per september 2021. I den indre regionen med Volda og Ørsta er arbeidsløysa på om lag 1,8 prosent.

Tal frå Eigedom Norge og Eiendomsverdi syner at nivået på bustadprisane har auka 7,5 % det siste året målt ved andre områder i Møre og Romsdal utanom dei større byane i fylket. Ei utvikling som har vore betre enn forventta under Covid-19 pandemien. Tredje kvartal syner ei prisstigning på 0,9 prosent, ein nedgang frå 3,5 prosent i andre kvartal. I tillegg er omsetningstida på bustad i området lågare enn den har vore tidlegare. Bustadprisane i marknadsområdet har hatt ei monaleg mindre veksttakt enn bustadmarknaden i Oslo dei siste 10 åra.

I Norges Bank sitt regionale nettverk rapporterer bedriftene om auka lønsemd og auka investeringar framover. I åra framover er det også venta at investeringar i mellom anna fornybare energikjelder og reduksjon av karbonutslepp vil medføre auka investeringar på fastlandet. Det er god spreing i næringslivet i marknadsområdet til banken, og delar av industrien er sær omstillingsdyktig. Fleire bedrifter omstiller seg i aukande grad mot det grønne skiftet mellom anna i til dømes rederinæringa og leverandørindustrien. Fleire arbeidsgjeverar melder no om utfordringar på å rekruttere arbeidskraft innan helse, industri og serviceyrker. Behovet for å sysselsette aukar samstundes som ein ser kapasitetsproblem og knappheit på arbeidskraft. Dette kan vere lønsdrivande for regionen.

Utviklinga framover vil fortsatt vere avhengig av smittesituasjonen innan- og utanlands og korleis denne påverkar risikoappetitten. Stigande olje- og gassprisar vil kunne vere positivt for oljerelatert verksemd i regionen om det fører til igangsetting av fleire små og mellomstore prosjekt som aukar etterspurnaden etter varer og tenester frå leverandørindustrien. For leverandørar til maritim industri er det venta at marknaden fortsatt vil vere krevande med press på lønsemda. Fiskeindustrien ser for seg høgare etterspurnad frå horeca-segmentet (hotell, restaurant og catering), og den tenesteytandesektoren vil oppleve auka etterspurnad frå private og bedrifter.

Covid-19 pandemien medførte eit kraftig tilbakeslag i norsk økonomi etter første kvartal 2020. I perioda etter og fram til no. BNP for Fastlands-Noreg har vist ei jamn auke og er no tilbake på eit høgare nivå enn før pandemien. Det har vore raske og effektive tiltak frå smittevern og støtteordningar til ekspansiv pengepolitikk frå høvesvis myndighetene og sentralbank. Det har også vore sterk samarbeidsvilje og høg grad av vaksineriing i befolkninga.

Det er fortsatt knytta usikkerheit til dei økonomiske prognosene i og med nye mutasjonar av viruset kan forårsake auka smitte også i den vaksinerne befolkninga. Dette kan medføre innføring av nye smitteverntiltak. Internasjonalt, blant dei største handelspartnarane, er det venta lågare vekstutsikter enn tidlegare grunna auka smittespreiing. Fleire land syner også ein større auke i inflasjon enn forventta i tidlegare prognoser mellom anna som følgje av mangel på innsatsfaktorar, flaskehalsar i logistikkjeden og høge råvareprisar. Norges Bank forventar på si side at inflasjonen i Noreg vil ligge opp mot inflasjonsmålet.

Banken har hittil ikkje opplevd konkursar eller tap på engasjement direkte knytt til Covid-19. Andelen utlån til bedrifter og næringar som har vore direkte råka av nedstenging og smitteverntiltak er låg.


Styret er av den oppfatning at banken har moderat tapsrisiko knytt til utlån. Tida framover vil fortsatt vere prega av stor usikkerheit og krevjande med omsyn på smittespreiing av Covid-19 og langtidseffektane av pandemien.

I samband med at Norges Bank auka styringsrenta til 0,25 prosent i september justerte banken sine vilkår på utlån og innskot med inntil 0,25 prosentpoeng.

Innteninga i 2021 vil fortsett vere prega av reduserte rentemargarinar som følgje av fortsatt låge renter gjennom året. Det er venta lågare kreditteterspurnad som kan tilspisse konkurransesituasjonen ytterlegare.

Banken er godt kapitalisert med god likviditet, og som den lokale sparebanken vil vi vere ein sterk, engasjert og nær støttespelar for kundane våre.

Volda, 4. november 2021  
Styret i SpareBank 1 Søre Sunnmøre



Kjell Arvid Storeide  
Styreleiar




Ole Reinhart Notø  
Nestleiar



Kjersti Kleven  
Styremedlem




Arild Hatløy  
Styremedlem



Bente Fylken  
Styremedlem



Solveig Moe Frøland  
Styremedlem



Runar Gretland  
Tilsettere representant



Møyfrid Lillenes  
Tilsettere representant



Stig Brautaset  
Administrerende direktør

# RESULTAT

## MORBANK

(Tal i heile tusen kroner)	Notar	3. kvartal 2021	Omarb. 3. kvartal 2020	30.09.2021	Omarb. 30.09.2020	Omarb. 31.12.2020	Resultat 31.12.2020
Renteinntekter målt til amortisert kost	1	49.430	51.577	147.442	188.861	240.341	240.341
Renteinntekter målt til verkeleg verdi	1	4.272	4.785	13.239	14.641	19.754	19.754
Rentekostnader		17.282	18.298	53.586	89.134	106.959	106.959
<b>Netto renteinntekter</b>		<b>36.419</b>	<b>38.063</b>	<b>107.096</b>	<b>114.368</b>	<b>153.135</b>	<b>153.135</b>
Provisjonsinntekter		23.426	22.038	69.235	58.265	81.973	81.973
Provisjonskostnader		1.626	1.873	4.801	4.476	5.921	5.921
Andre driftsinntekter		160	158	450	518	672	672
<b>Netto provisjons- og andre inntekter</b>		<b>21.960</b>	<b>20.324</b>	<b>64.885</b>	<b>54.307</b>	<b>76.724</b>	<b>76.724</b>
Utbytte		2.205	329	13.887	9.558	11.893	27.170
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder		14.989	8.866	31.060	35.185	41.839	-
Netto verdiendring på finansielle eignelutar		11.882	3.123	15.317	5.979	11.011	11.011
<b>Netto avkastning på finansielle investeringar</b>		<b>29.076</b>	<b>12.318</b>	<b>60.264</b>	<b>50.722</b>	<b>64.743</b>	<b>38.181</b>
<b>Sum inntekter</b>		<b>87.456</b>	<b>70.705</b>	<b>232.245</b>	<b>219.397</b>	<b>294.602</b>	<b>268.041</b>
Personalkostnader		18.313	15.687	50.528	47.675	64.245	64.245
Administrasjonskostnader		10.431	9.006	28.268	28.135	37.821	37.821
Avskrivningar av varige driftsmidlar		1.461	1.638	4.384	5.038	6.508	6.508
Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar		-	117	-	223	223	223
Andre driftskostnader		4.098	3.126	13.666	12.580	18.987	18.987
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>34.303</b>	<b>29.340</b>	<b>96.846</b>	<b>93.205</b>	<b>127.338</b>	<b>127.338</b>
<b>Resultat før tap</b>		<b>53.153</b>	<b>41.365</b>	<b>135.398</b>	<b>126.193</b>	<b>167.265</b>	<b>140.703</b>
Nedskrivning aksjar		-	-	632	-	7.332	7.332
Tap på utlån, garantiar	4	-992	9.598	4.248	16.644	16.692	16.692
<b>Resultat før skatt</b>		<b>54.145</b>	<b>31.767</b>	<b>130.518</b>	<b>109.549</b>	<b>143.241</b>	<b>116.679</b>
Skattekostnad		9.200	5.100	21.400	15.600	26.410	26.410
<b>Resultat for perioden</b>		<b>44.945</b>	<b>26.667</b>	<b>109.118</b>	<b>93.949</b>	<b>116.831</b>	<b>90.269</b>
<b>Utvida resultatrekneskap</b>							
Resultat for perioden		-	26.667	109.118	93.949	116.831	90.269
<i>Postar som ikkje kan bli reklassifisert over resultatet</i>							
Netto estimat- og skatteavvik pensjonar		-	-13	-	-107	-198	-198
<i>Postar som kan bli reklassifisert over resultatet</i>							
Andel utvida resultat i felleskontrollert verksemd		-	-	-109	-	-	-
Endring verkeleg verdi, utlån		47	-	-3.097	-	6.150	6.150
Skatteeffekt		-12	-	774	-	-1.538	-1.538
<b>Utvida resultat i perioden</b>		<b>36</b>	<b>-13</b>	<b>-2.432</b>	<b>-107</b>	<b>4.415</b>	<b>4.415</b>
<b>Totalresultat for perioden</b>		<b>44.981</b>	<b>26.653</b>	<b>106.687</b>	<b>93.841</b>	<b>121.246</b>	<b>94.684</b>

# BALANSE

## MORBANK

(Tal i heile tusen kroner)	Notar	30.09.2021	Omarb. 30.09.2020	Omarb. 31.12.2020	31.12.2020
<b>Eignelutar</b>					
Kontantar og fordringar på sentralbanken		36.904	38.223	38.032	38.032
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	6	962.478	304.729	471.147	471.147
Netto utlån til kundar	3	9.653.839	9.130.212	9.172.693	9.172.693
Overtekne eigedomar		-	1.566	1.566	1.566
Sertifikat og obligasjonar med fast avkastning	6,7	225.454	351.062	345.880	345.880
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser	6,7	538.755	493.403	511.851	511.851
Investeringar i felleskontrollerte verksemdar	6	158.357	170.444	178.121	93.234
Investering i konsernselskap	6	-	7.332	-	-
Utsett skattefordel		-686	2.066	-1.460	-1.460
Varige driftsmidlar		48.694	53.850	55.361	55.361
Andre eignelutar		33.625	31.427	24.399	24.399
Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter		8.438	9.044	7.845	7.845
<b>Sum eignelutar</b>		<b>11.665.858</b>	<b>10.593.358</b>	<b>10.805.436</b>	<b>10.720.549</b>
<b>Gjeld</b>					
Innskot frå og gjeld til kredittinstitusjonar	6	6.525	181.111	179.402	179.402
Innskot frå og gjeld til kundar	6,9	8.022.047	7.088.237	7.215.802	7.215.802
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	7,9	1.927.048	1.701.294	1.821.449	1.821.449
Anna gjeld	4	82.772	61.605	53.958	53.958
Påkomne kostnader og forskotsbetalte inntekter		5.828	6.397	6.731	6.731
Avsetning til forpliktingar		11.204	10.572	8.506	8.506
Ansvarleg lånekapital	6,8	150.589	150.592	150.601	150.601
<b>Sum gjeld</b>		<b>10.206.012</b>	<b>9.199.808</b>	<b>9.436.449</b>	<b>9.436.449</b>
<b>Eigenkapital</b>					
Eigardelskapital	11	100.000	100.000	100.000	100.000
Overkursfond		193	193	193	193
Utjæmningsfond		24.838	20.338	29.838	29.838
Sparebankfondet	5	1.076.728	1.005.959	1.076.728	1.076.728
Gåvefond		16.840	17.084	25.144	25.144
Kompensasjonsfond		1.482	1.482	1.482	1.482
Fond for vurderingsskilnader FKV/TS		68.538	77.210	84.887	-
Annan eigenkapital		121.227	71.285	714	714
Hybridkapital	6	50.000	100.000	50.000	50.000
<b>Sum eigenkapital</b>	5	<b>1.459.846</b>	<b>1.393.551</b>	<b>1.368.987</b>	<b>1.284.100</b>
<b>Forvaltingskapital</b>		<b>11.665.858</b>	<b>10.593.358</b>	<b>10.805.436</b>	<b>10.720.549</b>

# KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

## MORBANK

(Tal i heile tusen kroner)	30.09.2021	31.12.2020
Resultat før skatt	130.518	116.679
+ av- og nedskrivningar	5.016	13.840
+ Tap på utlån/garantiar	4.248	16.692
- Betalbar skatt	-21.400	-26.410
<b>Tilført frå årets verksemd</b>	<b>118.382</b>	<b>120.801</b>
Endring andre fordringar	-9.819	-2.845
Endring anna kortsiktig gjeld	30.397	-1.840
Endring utlån	-485.393	-338.211
Endring kredittinstitusjonar	-491.330	-60.756
Endring innskot frå kundar	806.244	251.668
Endring innskot kredittinstitusjonar	-172.877	178.127
Endring sertifikat og obligasjonar	120.426	-171.167
<b>A) Netto kontantstraum frå operasjonell aktivitet</b>	<b>-83.970</b>	<b>-24.222</b>
Brutto investeringar i bygningar/driftsmidlar	1.651	-11.961
Avgang bygningar/driftsmidlar	1.566	-
Sal av aksjar i FKV	10.600	-587
Endring aksjar og eigarinteresser	-26.903	-28.328
<b>B) Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet</b>	<b>-13.086</b>	<b>-40.877</b>
<b>Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar*</b>		
Opptak av gjeld gjennom utferding av verdipapir	400.000	436.414
Opptak av ansvarleg lånekapital	-12	-438
Opptak av hybridkapital	-	50.000
Tilbakebetaling av utferda verdipapir	-294.402	-355.000
Tilbakebetaling av utferda ansvarleg lån	-	-
Tilbakebetaling av utferda hybridkapital	-	-50.000
Utbetaling av utbytte og gåver	-8.304	-16.880
Endring opptak av hybridkapital over EK	-1.354	-3.701
<b>C) Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitet</b>	<b>95.928</b>	<b>60.396</b>
<b>A) + B) + C) Netto endringar i likvidar i året</b>	<b>-1.128</b>	<b>-4.703</b>
Likviditetsbeholdning inngåande balanse	38.032	42.735
Likviditetsbeholdning utgåande balanse	36.904	38.032
<b>Endring</b>	<b>-1.128</b>	<b>-4.703</b>

### \*Endring i Finansieringsaktivitetar

Finansieringsaktivitetar bokført som gjeld	30.09.2021	Emittert 30.09.2021	Løyst inn 30.09.2021	31.12.2020
<b>Verdipapirgjeld</b>				
Sertifikatgjeld, nominell verdi	-	-	-	-
Obligasjonsgjeld, nominell verdi	1.920.000	400.000	-290.000	1.810.000
Verdijusteringar og påløpne renter	7.048	-	-	11.449
<b>Sum verdipapirgjeld</b>	<b>1.927.048</b>	<b>400.000</b>	<b>-290.000</b>	<b>1.821.449</b>
<b>Ansvarleg lånekapital</b>				
Ansvarleg lånekapital, nominell verdi	150.000	-	-	150.000
Verdijusteringar og påløpne renter	589	-	-	601
<b>Sum ansvarleg lånekapital</b>	<b>150.589</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>150.601</b>
<b>Total finansieringsaktivitetar bokført som gjeld</b>	<b>2.077.637</b>	<b>400.000</b>	<b>-290.000</b>	<b>1.972.050</b>
<b>Finansieringsaktivitetar bokført som eigenkapital</b>				
Hybridkapital	50.000	-	-	50.000
Betalte renter hybridkapital	-	-	-1.354	-
<b>Sum hybridkapital</b>	<b>50.000</b>	<b>-</b>	<b>-1.354</b>	<b>50.000</b>

# ENDRING I EIGENKAPITAL

## MORBANK

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamnings- fond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigenkapital og hybrid- kapital	Kompensa- sjonsfond	Sum eigen- kapital
<b>Eigenkapital per 31.12.2019</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>1.005.959</b>	<b>28.338</b>	<b>24.024</b>	-	<b>50.000</b>	<b>1.482</b>	<b>1.209.996</b>
Disponert Årsresultat	-	-	70.769	4.500	10.000	-	5.000	-	90.269
Disponert utvida resultat	-	-	-	-	-	-	4.415	-	4.415
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-3.701	-	-3.701
Emittert hybridkapital	-	-	-	-	-	-	50.000	-	50.000
Innfridd hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-50.000	-	-50.000
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-8.000	-	-	-	-	-8.000
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-8.880	-	-	-	-8.880
<b>Eigenkapital per 31.12.2020</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>1.076.728</b>	<b>24.838</b>	<b>25.144</b>	-	<b>55.714</b>	<b>1.482</b>	<b>1.284.100</b>
<b>Effekt ved omarbeiding til eigenkapitalmetoden</b>						<b>84.887</b>			
<b>Eigenkapital 01.01.2021</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>1.076.728</b>	<b>24.838</b>	<b>25.144</b>	<b>84.887</b>	<b>55.714</b>	<b>1.482</b>	<b>1.368.987</b>
Delårsresultat	-	-	-	-	-	31.060	78.058	-	109.118
Postar som reverserast over resultat	-	-	-	-	-	109	-2.323	-	-2.213
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-1.354	-	-1.354
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-8.304	-	-	-	-8.304
Andre EK effekter frå SB1 Gruppen	-	-	-	-	-	-3.169	-	-	-3.169
Korrigerings som følge av nedsal i FKV	-	-	-	-	-	-3.218	-	-	-3.218
Utbytte frå FKV	-	-	-	-	-	-41.131	41.131	-	-
<b>Eigenkapital per 30.09.2021</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>1.076.728</b>	<b>24.838</b>	<b>16.840</b>	<b>68.538</b>	<b>171.227</b>	<b>1.482</b>	<b>1.459.846</b>

# NOTAR

## Note 1

### Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen for SpareBank 1 Søre Sunnmøre omfattar perioden 01.01.2021 - 30.09.2021, og er utarbeidd i samsvar med IFRS, herunder IAS 34 Interim Financial Reporting. Ei skildring av alle rekneskapsprinsippa som har lagt til grunn ved avlegging av kvartalsrekneskapen, framgår av årsrekneskapen for 2020.

I samband med at plikta til å føre konsernrekneskap opphøyrd, har morbanken endra rekneskapsprinsipp

for eigarandelen i Samarbeidande Sparebanker AS (SamSpar). Eigarandelen i SamSpar rekneskapsførast no etter eigenkapitalmetoden i morbanken sitt rekneskap. Historisk har ein i morbankrekneskapen rekneskapsført eigarandelen i SamSpar til kost, jf. IAS 27 punkt 10. Historiske tal er omarbeida.

Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.



## Note 2

### Segmentinformasjon

Leiinga har vurdert kva for segment som er rapporterbare med utgangspunkt i distribusjonsform, produkt og kundar. Det primære rapporteringsformatet tek utgangspunkt i risikoen i eignelutane og avkastningsprofilen og er delt opp i privatmarknad inkludert sjølvstendig næringsdrivande og bedriftsmarknad. Banken sine egne

investeringsaktivitetar er ikkje eit separat rapporterbart segment og kjem fram under posten ufordelt saman med aktivitetar som ikkje let seg allokere til privat- eller bedriftsmarknaden. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske sekundærsegment gir lite tilleggsinformasjon.

<b>30.09.2021</b> (Tal i heile tusen kroner)	<b>Person</b>	<b>Bedrift</b>	<b>Anna</b>	<b>Totalt</b>
<b>Resultatrekneskap</b>				
Netto renteinntekter	76.451	31.579	-934	107.096
Netto provisjons- og andre inntekter	51.451	9.032	4.402	64.885
Driftskostnader	-68.962	-20.766	-7.118	-96.846
Netto avkastning på finansielle investeringar	-	-	70.335	70.335
Tap på utlån og garantiar	7.362	-6.910	-4.700	-4.248
Nedskrivning aksjar	-	-	-632	-632
<b>Resultat før skatt</b>	<b>66.301</b>	<b>12.934</b>	<b>51.915</b>	<b>130.518</b>
<b>Balanse</b>				
Utlån til kundar	7.717.887	1.973.912	-	9.691.799
Forventa tap på utlån	-13.175	-37.721	-	-50.895
Andre eignelutar	-	-	2.024.954	2.024.954
<b>Sum eignelutar per segment</b>	<b>7.704.713</b>	<b>1.936.191</b>	<b>2.024.954</b>	<b>11.665.858</b>
Innskot frå og gjeld til kundar	4.925.202	3.096.844	-	8.022.047
Anna gjeld og eigenkapital	-	-	3.643.812	3.643.812
<b>Sum eigenkapital og gjeld per segment</b>	<b>4.925.202</b>	<b>3.096.844</b>	<b>3.643.812</b>	<b>11.665.858</b>

## Note 3

### Utlån til og krav på kundar

	MORBANK		
	31.12.2020	30.09.2020	30.09.2021
<b>Brutto utlån fordelt på risikogrupper</b>			
Svært låg risiko	3.439.146	3.222.276	3.488.857
Låg risiko	3.345.607	3.529.400	3.324.348
Middels risiko	2.101.553	2.101.255	2.371.954
Høg risiko	158.605	153.695	222.049
Svært høg risiko	105.083	96.818	91.196
Misleghald og nedskrive	54.508	61.244	193.395
<b>Sum Brutto utlån</b>	<b>9.204.503</b>	<b>9.164.688</b>	<b>9.691.799</b>
<b>Brutto utlån fordelt på sektor og næring</b>			
Lønstakarar o.l.	7.278.863,791	7.294.839	7.717.887
Offentleg forvaltning	514	430	424
Jordbruk/skogbruk	111.818	108.088	117.000
Fiske/fangst	5.561	4.284	5.717
Havbruk	134.557	121.877	104.758
Shipping	888	963	658
Offshore og oljerelatert verksemd	303.432	308.583	206.577
Industri og bergverk	44.773	44.917	53.141
Bygg og anlegg, kraft og vassforsyning	419.481	385.314	416.803
Hotell og handel	193.735	195.087	159.657
Transport og anna tenesteytande verksemd	47.863	49.431	43.778
Finansieringsverksemd	145.707	145.751	187.375
Eigedomsdrift	339.441	368.951	372.900
Forretningsmessig tenesteyting	93.204	52.813	175.856
Næringar elles	84.664	83.360	129.268
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>9.204.503</b>	<b>9.164.688</b>	<b>9.691.799</b>
Tap på utlån til amortisert kost	-48.246	-53.390	-50.974
Verdiendringar utover tapsnedskrivningar	16.437	18.914	13.013
<b>Netto utlån til kundar</b>	<b>9.172.693</b>	<b>9.130.212</b>	<b>9.653.839</b>
<b>Brutto utlån fordelt på geografiske område</b>			
Søre Sunnmøre	7.005.266	6.908.630	7.138.884
Andre kommunar i Møre og Romsdal	462.149	467.946	541.905
